
Fra: noreply@regjeringen.no
Sendt: 20. juni 2016 15:21
Til: postmottak SD
Emne: Nytt hørings svar til 16/485 - Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029

Referanse: 16/485
Høring: Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029
Levert: 20.06.2016 15:21
Svartype: Med merknader
Kontakt avsender: Gloppen kommune
Kontaktperson: Jan Kåre Fure
Kontakt-e-post: jan.kare.fure@gloppen.kommune.no
Tittel: Høringsuttale frå Gloppen kommune
Uttalelse:

Gloppen kommunestyre vedtek slik uttale til nasjonal transportplan for perioden 2017-2029:

Planleggingsprinsipp for bygging av nye vegar – her E39 gjennom Gloppen kommune

Gloppen kommune ser med uro på det nye planleggingsprinsippet som vert lagt til grunn for E39 der delstrekningane er tenkt bygd med formål høg fart og kort reisetid mellom byane. Planlegging etter ein standard der fartsgrensa er 110-130 km/t, i vår kommune gjeld dette strekninga mellom Byrkjelo-Grodås, vil bety ein dramatisk kostnadsauke for prosjektet, noko som vil kunne bandlegge samferdselbudsjetta for lang tid framover. Gode regionale prosjekt vil lide under dette. Gloppen kommune, til liks med Sogn og Fjordane fylkeskommune, meiner at eit fornuftig planleggings-prinsipp for E39 er ein H2-standard med 80-90 km/t fartsgrense og «gul midtstripe».

E39 vil med lågare standard i stor grad kunne fylgje eksisterande kurvatur/trasé, og også kunne nyttiggjere seg dei ras-sikringstiltaka som allereie er planlagt i Våtedalen. Kryssløysingar og tunnel etter ein redusert standard (80 km/t) vil gje mykje betre høve til å finne gode løysingar lokalt og vil og gjere det mogeleg å ta vare på matjorda.

Gloppen kommunestyre støttar Stortinget sitt vedtak om jordvern

Gloppen kommune støtter det breie forliket om jordvern som vart inngått i Stortinget der det vart sett ei maksimalgrense på 4.000 dekar dyrka mark som kan byggast ned/omdisponerast årleg. Dette forliket må få konsekvensar for planlegging og bygging av samferdsleprosjekt i heile landet.

Ferjeavløysing må bli eit eige tema/strategisk satsingsområde i NTP 2017 – 2029

Ferjeavløysing med fast samband vil utløyse nye bu- og arbeidsområde og såleis ha svært positive effektar på samfunns- og næringsutviklinga. Staten må legge til rette for at lønnsame og samfunnsøkonomisk gode ferjeavløysingsprosjekt kan realiserast snarast råd. Verktøya for ferjeavløysing må oppretthaldast og styrkjast, mellom anna ved å legge til rette for nye kontraktsformer for brubygging. Det må etablerast føreseielege finansieringsordningar og utvida

mulegheit til bompengerperiode på inntil 40 år på same måte som for ferjeavløysingsmidlar.

Staten må legge til rette for innovasjon og ny teknologi for nye samferdsleprosjekt som t.d. brubygging

Her bør kompetanse frå maritim og oljeretta næring takast i bruk. Det bør snarast muleg bli etablert pilotprosjekt basert på ny teknologi og nye finansieringsmodellar. Gloppen kommunestyre vil peike på at ferjeavløysing Anda – Lote er eit aktuelt slikt prosjekt.

Kollektivtrafikk og bygging av gang- og sykkelveggar må få eit endå større fokus, ikkje berre for byane men og for tettstader og i distrikta

Klimaforliket har som mål nullvekst for personbiltrafikken i dei 9 største byane/by-områda. I framlegget frå fagetatane er det foreslått at tiltaka skal utvidast til alle by-område, men ikkje til distrikta og landet elles. Gloppen kommune meiner at auke i persontransport, også i distrikta, skal skje også ved betre tilrettelegging for gåande, syklande og gjennom betre tilbod om kollektivtransport. Dette vil kunne redusere den private bilbruken og auke tryggleiken for mjuke trafikkantar i heile landet.

Strukturen på kortbanenettet må oppretthaldast og vidareutviklast

Eit godt flytilbod er viktig for heile landet også i distrikta. Gloppen kommunestyre krev at rutetilbodet på Sandane lufthamn, Anda vert utvida for å kunne utnytte den kapasiteten som er ved flyplassen og ivareta aukande behov hos dei reisande.

Av konkrete prosjekt i vår region vil kommunestyret peike på:

- Utbetring av delstrekningar på E39 i Sogn og Fjordane må inn igjen i NTP
- Vi støttar forslaget om at RV 52 Hemsedal vert hovudveg mellom aust og vest
- Anda – Lote bør bli pilotprosjekt for bruk av ferjeavløysingsmidlar der ein gjer seg bruk av ny bruteknologi og nye finansieringsmodellar
- Midlar til opprustning av E39 Sandane – Byrkjelo straks
- For E39 må det utarbeidast kommunedelplanar også for strekninga Skei – Byrkjelo
- Rassikringsprosjekt i Våtedalen på E 39 må samordnast med planlegging av ny E39 Skei–Byrkjelo
- Staten må i arbeidet med ny E39 også planlegge gode tilførselsveggar.

Utrekningsmåte for samfunnsnytte – endring av prioritering

Gloppen kommunestyre er uroleg for metodikken som er nytta i NTP-arbeidet med ein definisjon av samfunnsnytte som nær sagt automatisk styrer alle investeringar inn mot dei tettast folkesette områda i landet. Når dette etter framlegget til NTP frå transportetatane medfører at ikkje eit einaste større prosjekt i Sogn og Fjordane kjem med, så viser dette kor skeivt dette slår ut.

Dette bryt med grunnleggande prinsipp i norsk samferdslepolitikk for å bygge opp bu- og arbeidsmarknadsregionar og fremje næringsutvikling i heile landet. Vi krev ei anna frodeling av dei samla samferdsleløyvingane – der ein tilgodeser sterkare deler av landet med høg verdiskaping og store samferdsle-utfordringar i kvardagen.

Kommunestyret sitt vedtak var samrøystes.

Vedlegg: -